



KANSKJE SLIKT: Dette er eit av fleire utkast til ny turistforeningshytte for Drammen og Opland Turistforening på Høgevarde, av studentane Mari Fasting, Bjarne Josefsen og Kristoffer Bakk Thørud. DNT har bede studentane ved NTNU om hjelp til å utvikla nye strategiar for den nye turistforeningshytta.

ILLUSTRASJON: ARKITEKTHJELPEN

Arkitekthjelp til Turistforeningen

Det er ikkje lenger sjølvsgatt at hyttene til Turistforeningen skal ha småruta vindauge. Ei gruppe arkitektstudentar i Trondheim teiknar nytt for DNT.

EVA RØYRANE
eva.royrane@iuh.no

FEMTEN masterstudentar ved NTNU har laga utkast til fem ulike nye hytter på oppdrag av DNT og Drammen og Opland Turistforening. Tre av forslaga vert no bearbeidde vidare og skal munna ut i teikningar til ei ny hytte som skal byggjast på Høgevarde på Norefjell.

Stavanger Turistforening var først ute

med Preikestolhytta som blei opna i haust. No kan det bli ny arkitektur å sjå fleire stader på rutenettet til DNT.

ARKITEKTHJELPEN i Trondheim vil gjerne bidra til ei viss modernisering av hytteparken i fjellet. Dette er eit selskap stifta av studentar og nokre tilsette ved NTNU for å auka interessa for arkitektur blant folk flest.

Først starta studentane eit tilbod om gratis arkitekturrådgjeving i Trondheim kvar fredag. Alle som vil, kan bestilla ein time gratis rådgjeving av studentane som har fast kontortid i det kommunale service-senteret. Det endar ofte med at dei som spør, går vidare til eit arkitektkontor med saka si.

–Vi vil snakka med flest mogleg om arkitektur og prøver å få folk til å sjå


verdien av å søkja arkitekthjelp. Respon-sen på tilbodet vårt har vore svært stor, vi har fullt belegg heile tida, og får svært positive tilbakemeldingar, seier Kristoffer Bakk Thørud i Arkitekthjelpen.

STUDENTANE i Trondheim ønskjer at denne forma for arkitekthjelp skal bli nasjonal, og har vore i Bergen for å orientera om tilbodet. Så langt har ingen studentar i Bergen teke ballen, men kommunen jobbar med tanke på å få oppretta eit kontor som kan gje folk råd og rettleiing i dei små byggesakene, fortel kommunaldirek-tør Petter Wiberg. Han seier det kan vera aktuelt å samarbeida både med studentar og med seniorarkitektur og –ingeniørar om eit slikt tilbod.

I TILLEGG til den gratis rådgjevingstenesta,

har studentane ved NTNU skipa eit non profit samvirkeleg som tek på seg mindre prosjekteringoppdrag for private, gjerne for ideelle organisasjonar som ikkje har økonomi til å leiga inn arkitekt. I tillegg til oppdraget for Turistforeningen, har dei gjort jobbar for eit kattpensjonat, idrettsforeningen ved NTNU og for ein musikkfestival. Oppdraga vert utførde til sjølvkost. Studentane er opptekne av at dei ikkje skal vera konkurranter til dei etablerte i bransjen.

– På denne måten skaffar vi oss kompetanse og erfaring som vil koma til nytte når vi skal ut på arbeidsmarknaden, seier Thørud.



ELLER SLIKT: Felles for studentprosjekta er at dei legg vekt på at hyttene skal ha store vindauge i opphaldsrommet og skjerna uteplassar. Dette forslaget er laga av Eirik Gya Jacobsen, Hege Beate Fredheim og Jarle Mjølveit.

ILLUSTRASJON: ARKITEKTHJELPEN